

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE VEST RHF

STAD: MARITIM HOTEL, HAUGESUND

MØTETIDSPUNKT: 5. APRIL 2016 kl. 0830 – 1600

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Terje Vareberg	Styreleiar
Lise Reinertsen	Nestleiar
Tone Berentsen Steinsvåg	Medlem
Olin Johanne Henden	Medlem
Gunnar Berge	Medlem
Ohene Aboagye	Medlem
Bente Pilskog	Medlem
Tom Guldhav	Medlem
Lise Karin Strømme	Medlem

FORFALL FRÅ STYRET

DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Herlof Nilssen, administrerende direktør
Ivar Eriksen, eigardirektør
Baard-Christian Schem, fagdirektør
Per Karlsen, økonomi og finansdirektør
Bente Aae, kommunikasjonsdirektør
Tommy Lothe, revisor
Bård Humberstet, leiar av internrevisjonen
Torunn Nilsen, styresekretær

Sak 039/16 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Oppsummering

Styreleiar orienterte om at hovuddelen av styremøtet var ope for publikum og presse.

Styreleiar orienterte om at før vedtak i sak 041/16 Årsoppgjær 2015, skal det gjennomførast møte mellom

revisor og styret. Møtet blir lukka for andre enn styret og revisor jf. revisorlova § 2-3

Møtet blir også lukka under behandling av sak 054/16 Val av revisor . jf. Helseføretakslova § 26a andre ledd nr. 5

Forfall:

Det var ikkje forfall til møtet.

Dokument som var ettersendt/delt ut i møtet:

Styreleiar orienterte om at følgjande dokument var ettersendt/delt ut i møtet:

- Tidsplan for styremøtet

Til dagsorden:

Styreleiar orienterte om at den lukka delen av styremøtet blir lagt til slutten av møtet.

Eventuelt:

Det blei ikkje meldt saker til eventuelt.

Vedtak (samrøystes)

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

Sak 040/16 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 29.02. 2016

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjente og underteikna protokollen frå styremøte i Helse Vest RHF 29. februar 2016.

Sak 041/16 Årsoppgjer 2016

Oppsummering

Resultatet for føretaksgruppa viser eit overskot på til saman 679 828 449 kroner. Resultatet for Helse Vest RHF viser eit overskot på 663 784 823 kroner.

I resultatet for Helse Vest RHF ligg ei reversert nedskriving på eigardel i helseføretaka på netto 333 998 254 kroner, som er ei justering av eigardelen i helseføretaka som har hatt overskot, justert for feil i tidlegare års rekneskap, slik at den svarer til eigenkapitalen deira. Den reverserte nedskrivinga er ført tilbake i konsernrekneskapen slik at ikkje overskota blir tekne med to gonger. Resultatet for Helse Vest RHF utan denne reverserte nedskrivinga er kr 329 786 569.

Driftsresultat før av- og nedskrivingar i føretaksgruppa viser eit overskot på 1 735 500 455 kroner. Ordinære avskrivingar utgjer 1 117 968 000 kroner og nedskriving av driftsmidlar utgjer 6 763 691. Nedskrivingsbeløpet er knytt til mindre ombyggingar og utrangering av bygg i Helse Fonna samt nedskrive aktivert del av arealplan i Helse Førde.

Resultatkrav frå Helse- og omsorgsdepartementet var i 2015 balanse i rekneskapen.

Styret stilte krav om eit overskot på 345 millionar kroner for føretaksgruppa samla.

Resultat i føretaka (millionar kroner):	2015	2014	2013
Helse Bergen HF	207,4	1 056,5	237,5
Helse Stavanger HF	71,3	553,0	61,7
Helse Fonna HF	40,2	366,3	34,6
Helse Førde HF	15,0	241,3	0,5
Sjukehusapoteka Vest HF	15,3	30,5	14,9
Helse Vest IKT AS	-0,5	14,7	-4,9
Helse Vest Innkjøp HF	0,3	-	-
Helse Vest RHF	329,8	443,6	305,3
Tilknytte selskap	1,0	3,2	-3,0
Sum rekneskapsresultat	679,8	2 709,1	647,8

Resultatet frå føretaksgruppa er 334,8 millionar kroner betre enn resultatkravet som styret har stilt krav om. Det uvanleg gode resultatet i 2014 skuldast endra reglar for pensjon som blei innarbeida i resultatet for 2014 med i underkant av 2 milliardar kroner for føretaksgruppa samla.

Før vedtak i sak 041/16 Årsoppgjær 2015, blei det gjennomført møte mellom revisor og styret. Møtet var lukka for andre enn styret og revisor jf. revisorlova § 2-3

Styret gjekk igjennom og oppdaterte styrets beretning.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret godkjente årsrekneskap for Helse Vest RHF og Helse Vest føretaksgruppe med dei merknader og kommentarar som kom fram i møtet. Årets overskot i Helse Vest RHF, kr 663 784 823 blir ført mot annan eigenkapital med kr 656 414 665 mens kr 7 370 158 blir ført til fond for vurderingsforskjellar. I resultatet ligg tilbakeføring av tidlegare kostnadsført underskot i dotterføretak med kr 333 998 254. Årets overskott i Helse Vest føretaksgruppe kr 679 828 449 blir ført mot annan eigenkapital med kr 669 589 310 mens kr 10 239 139 blir ført til fond for vurderingsforskjellar.
2. Styret vedtok styrets beretning, med dei oppdateringar som kom fram i møtet.
3. Styret gav administrerande direktør fullmakt til å foreta mindre, redaksjonelle justeringar i årsrekneskapen og styrets beretning.
4. Styret legg styrets beretning og årsrekneskap med kontantstraumanalyse og noter fram for føretaksmøtet til godkjenning.
5. Styret godkjente erklæring om fastsetting av lønn og anna godtgjersle til leiande tilsette, inkludert retningsliner for fastsetting av lønn og godtgjersle for 2016. Jf. note 6 i årsrekneskapen.

Sak 042/16 Administrerande direktør si orientering

1. Rapportering tilsynssaker

Administrasjonen viste til utsendt notat.

Styret ba administrasjonen sjekke ut om gamle saker var oppdatert og kvifor dei ikkje er avslutta.

2. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

Administrasjonen viste til utsendt notat.

3. Oversikt over aktuelle høyringar

Administrasjonen viste til utsendt notat.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok meldingane til orientering.

Sak 043/16 Rapportering frå verksemda per februar 2016

Oppsummering

Ventetidsutviklinga per februar 2016 syner at dei gjennomsnittlege ventetidene for alle som starta behandling var 62 dagar, medan ventetida for dei som framleis venta ved utgongen av månaden var 61 dagar. Ventande pasientar utan prioritet finn ein i hovudsak innan somatikken. Totalt var 8,8 prosent av dei som framleis venta ved utgongen av februar pasientar utan prioritet.

Aktivitetsnivået innan den somatiske sektoren er høgare enn per februar 2015, både for innlagde døgnpasientar, poliklinisk behandling og for talet genererte DRG-poeng. Aktivitetsnivået innan psykisk helsevern syner høgare poliklinisk aktivitetsnivå og fleire liggedøgn, medan det innan psykisk helsevern for vaksne er vekst både i utskrivne, polikliniske konsultasjonar og liggedøgn samanlikna med same tid i 2015.

Prosentdelen fristbrot for behandla var låg, med 0,9 % i februar 2016. Når det gjeld korridorpatientar var utviklinga igjen positiv i februar, særleg innan somatikken, og det gjennomsnittlege talet på korridor er lågt både innan somatikken og psykisk helsevern. Det samla talet på langtidsventande (1 år+) i regionen held seg framleis på eit lågt nivå. Delen epikrisar sendt innan 7 dagar var 84 % både innan somatikken og psykisk helsevern i februar 2016.

Per januar 2016 var det samla sjukefråværet på 7,6 % og sjukemeldt fråvær på 6,0 %. Samla sjukefråvær er 0,2 % høgare for januar 2016 enn for januar 2015. Per januar 2016 hadde 57,25 % av einingane i føretaksgruppa eit totalt sjukefråvær under 5,5 %, og 60,99 % av einingane hadde eit sjukemeldt fråvær under 4,5 %.

For februar 2016 var det 3 403 fast tilsette medarbeidarar som har registrert profilen sin i heiltidsmodulen. Sidan desember 2010 har 5 643 medarbeidarar fått høgare stillingsprosent i Helse Vest. Samanlikna med desember 2010 har 3 619 fleire medarbeidarar fått 100 % stilling. Ved utgangen av februar 2016 er den korrigererte gjennomsnittlege stillingsprosenten 90,77 %. Det er 0,06 % høgare enn for februar 2015.

Det økonomiske resultatet i februar er kr 52,7 mill. som er kr 6,3 mill. betre enn budsjettet. Akkumulert resultat er kr 113,2 mill. som er kr. 19,6 mill. betre enn budsjettet. Føretaka melder ei prognose for året som er i tråd med budsjett.

Samla investeringar per februar er på kr 193,4 mill. Dette utgjer om lag 11,4 % av budsjettet investeringsnivå i 2016. Samla sett er likviditetssituasjonen med noverande driftskredittramme vurdert å vera tilfredsstillande.

Styret noterte seg særleg den økonomiske utviklinga i Helse Stavanger og vil følgje dette nøye vidare. Ved neste rapportering ønskja styret ein gjennomgang av kva tiltak som er sett inn og kva som er effekt/forventa effekt av tiltaka.

I forhold til korridorpatientar og utskrivingsklare pasientar og øhjelp-senger i Stavanger kommune ønska styret ei løypemelding om dette i neste styremøte. Styret presiserte at trykket på å unngå pasientar på korridor må oppretthaldast.

Styret presiserte også at trykket på å få ned ventetider må oppretthaldast.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok rapporteringa frå verksemda per 29. februar 2016 til etterretning.

Sak 044/16 Tertialrapport på nasjonale kvalitetsindikatorar per 2. tertial 2015

Oppsummering

Samanlikna med dei tre andre helseregionane skårar Helse Vest svært godt på dei nasjonale kvalitetsindikatorane som er publisert for 2. tertial 2015. Helse Vest skårar «lågast» på berre tre av desse kvalitetsindikatorane.

Av dei fire helseføretaka i regionen er det Helse Førde som jamt over skårar «høgast» på dei nasjonale kvalitetsindikatorane.

Som region skårar Helse Vest:

- Høgast på 25 av 47 indikatorar
- Lågast på 3 av 47 indikatorar
- Middels på 19 av 47 indikatorar

Helse Vest skårar i hovudsak «best» på dei somatiske- og BUP indikatorane.

Helse Førde skårar jamt over høgast av helseføretaka i Helse Vest.

- Stavanger skårar jamt over lågast av helseføretaka i Helse Vest.
- Helse Fonna har størst forbettringspotensiale innan psykisk helsevern for vaksne og TSB.
- Helse Bergen har størst forbettringspotensiale innan somatikk.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret tok tertialrapporteringa per 2. tertial 2015 til orientering.
2. Det er eit overordna nasjonalt mål at ein skal jamne ut ulikheit og lære av kvarandre. Styret ber om at saka blir oversendt helseføretaka, og ber om at helseføretaka følgjer opp med tiltak på dei områda med lågast skåre, med særskilt fokus på dei områda det er stor variasjon og læringseffekt frå andre føretak.

Sak 045/16 Plan for internrevisjonen 2016 - 2017

Oppsummering

Plan for internrevisjon vert utarbeidd med ein tidshorisont på to år og med årleg rullering. Det vedlagte planforslaget gjeld 2016 og 2017. Planarbeidet for kommande periode har vore gjennom ein prosess med mellom anna fleire behandlingar i revisjonsutvalet, drøfting i styret, og med innspel frå helseføretaka og andre.

Planen syner av vi tar med oss fire tema frå gjeldande plan:

- Internkontroll og risikostyring blant private og i helseføretaka
- Forsking som grunnlag for kunnskapsoverføring og kvalitetsforbetring
- Tilskotsforvaltning
- Føretaka si oppfølging av regionale planar

Vidare viser planen til ny tematikk som bør bli vidareutvikla fram mot neste rullering:

- Samhandling med kommunesektoren
- Oppfølging av avtalespesialistar

- IKT-tryggleik

Dessutan vil det skje ei oppfølging av tidlegare prosjekt, mellom anna revisjonen på innkjøpsområdet i 2015.

Før oppstart av kvart prosjekt, vil rekkefølgja mellom prosjekta og innhaldet i dei (avgrensingar/problemstillingar), bli drøfta i revisjonsutvalet.

Revisjonsutvalet hadde planforslaget til behandling 25.02.2016. Følgjande er protokollert (protokoll er ikkje formelt godkjend.)

«Oppsummering:

Utvalet gjekk gjennom utkastet til revisjonsplan og ga sin tilslutning til det som der var omtalt. I utgangspunktet inneber planen ein prolongering av planen for inneverande periode, jamfør behandlinga i styremøte 10. februar.

Det er i tillegg lagt inn tematikk som vil bli utvikla utover året og drøfta i revisjonsutvalet på seinare tidspunkt. Dette er tema som så vil kunne bli innarbeidd i neste rullering. Dei tema som er omtalt i planen er: Samhandling med kommunesektoren, oppfølging av avtalespesialistar, IKT-sikkerheit. Som ledd i detaljering av dette siste ønskjer utvalet å invitere inn administrerande direktør i Helse Vest IKT.

I utvalet si drøfting kom det òg fram andre tema som vil kunne bli utvikla vidare. Det gjeld kunnskap om kvaliteten på tenester innan psykisk helse. Det gjeld leiing, og korleis god leiing blir utvikla i føretaka.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet rår styret til å vedta framlagte forslag til plan for internrevisjon 2016-2017.»

Styret presiserte at det må vere fokus på læring og gevinstrealisering i store prosjekt, særleg i sjukehusbygg, og at det må vere dialog med Sjukehusbygg HF om dette.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjende forslaget til ny plan for internrevisjon 2016-2017.

Sak 046/16 Internrevisjonsrapport – Handtering av uønskte hendingar

Oppsummering

Føremålet med revisjonsprosjektet har vore å undersøkje i kva grad føretaka i Helse Vest har hensiktsmessige retningslinjer og prosessar for handtering av uønskte hendingar («avvik»).

Internrevisjonen har òg sett på om desse fungerer i praksis og på kva måte avviksmeldingane blir brukt til læring.

Revisjonen har omfatta Helse Vest RHF, Helse Bergen HF, Helse Stavanger HF, Helse Fonna HF og Helse Førde HF. Metodisk er det nytta dokumentanalyse av relevant dokumentasjon frå helseføretaka og gjennomført intervju med leiarar, andre tilsette og føretakstillitsvalde.

Hovudkonklusjon: Føretaka har langt på veg tilfredsstillande prosessar for melding og saksbehandling, men systemverktøyet Synergi og den regionale forvaltninga av dette er ikkje optimal.

Revisjonsutvalet hadde rapporten til behandling 25. februar 2016.

Vedtak (samrøystes):

Rapporten viser at omfanget av uønskte hendingar i helseføretaka i Helse Vest er betydeleg, og at det er viktig at det er vilje og evne til å melde. Revisjonsutvalet meiner det må vurderast om Synergi er det mest hensiktsmessige dataverktøyet for å skape ein god meldekultur. Målet må vere ein reduksjon utan at det fremjar ein kultur kor det som faktisk skjer ikkje kjem fram. Føretaka må bruke funn og tilrådingar i rapporten aktivt som ledd i eit systematisk forbetningsarbeid. Revisjonsutvalet sluttar seg til tilrådingane i rapporten og ber om å bli orientert om det vidare arbeidet med oppfølging av dei tiltak som føretaka sett i verk.

Internrevisjonen vil gi ei tilbakemelding til revisjonsutvalet når det er gått ei tid, om oppfølginga i HF-a og RHF-et. Det vil venteleg skje rundt årsskiftet 2016/2017. Ei tilbakemelding til styret vil òg bli gitt på høveleg vis.

Styret presiserte at pasienttryggleik og HMS må sjåast i samanheng.

Styret peika på viktigheita av at det må skapast trygghet omkring det å melde uønska hendingar, og trygghet for at varslingsystem og varslingslinjer fungerer.

Styret ønska tilbakemelding i neste møte på om alle helseføretak har rutinar og system for anonym varsling ved særleg graverande forhold.

Vedtak (samrøystes)

Styret slutta seg til revisjonsutvalet sitt vedtak:

1. Rapporten viser at omfanget av uønskte hendingar i helseføretaka i Helse Vest er betydeleg, og at det er viktig at det er vilje og evne til å melde.
2. Styret meiner det må vurderast om Synergi er det mest hensiktsmessige dataverktøyet for å skape ein god meldekultur. Målet må vere ein reduksjon utan at det fremjar ein kultur kor det som faktisk skjer ikkje kjem fram. Føretaka må bruke funn og tilrådingar i rapporten aktivt som ledd i eit systematisk forbetningsarbeid.
3. Styret sluttar seg til tilrådingane i rapporten og ber om å bli orientert om det vidare arbeidet med oppfølging av dei tiltak som føretaka sett i verk.

Sak 047/16 Kommentar til rapport frå Internrevisjonen – handtering av uønskte hendingar i helseføretaka

Oppsummering

Det blir vist til eigen rapport frå Internrevisjonen om i kva grad helseføretaka i føretaksgruppa Helse Vest har hensiktsmessige retningslinjer og prosessar for handtering av uønskte hendingar («avvik»), om dei fungerer i praksis og på kva måte avviksmeldingane blir brukt til læring.

Helse Vest er samd i internrevisjonen sine tilrådingar:

1. Obligatorisk risikovurdering for alle meldte hendingar. Felles rapportering for å følgja risikovurderte hendingar og utvikling basert på risikopotensialet
2. Etablere felles regionale rapportuttak og analysar – lett tilgjengeleg og pedagogisk visning
3. Helse Vest tar posisjon som systemeigar og etablerer samarbeidsfora i tråd med kommentarane i vår tilbakemelding under Problemstilling 8.
4. Avklare kva som kan utviklast av regionale retningslinjer og felles mål og praksis og samtidig løfte fram spørsmål om bakgrunn og mogleg framtidssbilde for eit felles kvalitetssystem.
5. Klargjere kva som blir løfta ut som strategisk styringsinformasjon og som blir særskild følgt opp basert på automatisk datasamanstilling i styringsportalen.

Det vil vere behov for å gjennomgå funksjonalitet og kapasiteten som ligg i Synergi. Vi har derfor ikkje satt tidsfrist for gjennomføring av dei ulike tiltaka. Styret vil bli nærare orientert om gjennomføring av tiltaka.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok administrasjonen sine kommentarar knytt til revisjon av handtering av uønskte hendingar i helseføretaka til orientering, og bar om at administrasjonen tar saka opp med helseføretaka, og legg tiltaka vist i saka til grunn for det vidare arbeidet.

Sak 048/16 Enøktilskot i byggprosjekt

Oppsummering

Helse Vest RHF og helseføretaka i regionen har arbeidd med energireduserande tiltak og omlegging til meir klimavennlege energiløysingar i mange år. Dette arbeidet har gitt innsparingar både økonomisk og miljømessig. Det er etablert eit godt samarbeid med Enova som og har gitt støtte til mange av Enøk-prosjekta.

Det er mange og store byggeplanar i alle helseføretaka i Helse Vest. Sidan energibruk er ein stor kostnad i heile byggets levetid er det viktig at det blir planlagt og bygd så optimalt som mogleg. Samarbeidet med Enova må vidareførast og utviklast slik at vi får gode energiløysingar, og slik at føretaksgruppa kan gjere nytte av dei tilskotsordningane som er etablert.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok saka til orientering.

Sak 049/16 Orientering om Helse Vest Innkjøp HF

Oppsummering

Denne saka gjer greie for arbeidet med å etablere og starte opp Helse Vest Innkjøp HF. Vidare gir saka status i arbeidet med å få gode samarbeidsflater mellom Helse Vest Innkjøp HF og helseføretaka, samt arbeidet med å etablere robuste interne arbeidsprosessar for Helse Vest Innkjøp HF.

Det operative fokuset i føretaket er retta mot lukking av avvika som er peikt på i rapport frå internrevisjonen. Ein vil i løpet av hausten 2016 komme tilbake til styret med ei meir utfyllande sak om status på arbeidet med å lukke avvika frå internrevisjonsrapporten.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok saka til orientering.

Sak 050/16 Helse2030 – Prosess og involvering

Oppsummering

Styret handsama i sitt møte 10.februar - under administrerande direktør si orientering – prosjektdirektivet for Helse2030.

I denne saka vil vi fokusere på prosess og involvering i prosjektgjennomføringa, og kommentere dette ut frå dei fasane som er definert i prosjektet.

Det er planlagt å legge fram ny strategi for styringsgruppa pr. 5.desember 2016, og slik at denne kan handsamast i styret rett etter jul.

Styret peika på at prosessen må riggast på ein måte som gjer at innspela frå styra på samlinga på Solstrand i oktober 2016 blir handtert på ein god måte.

Styremedlemmene ønskja å bli inviterte på storsamlingane til hausten, og på Helse2030 møte i eige fylke.

Vedtak (samrøystes)

Styret for Helse Vest RHF tok saka om gjennomføringa av Helse2030 med prosess og involvering til orientering.

Sak 051/16 Forsking og innovasjon til pasientens beste – Nasjonal rapport

Oppsummering

Forsking og innovasjon til pasientens beste er RHF-a sin felles rapport med eksempel på korleis forskning og innovasjon bidreg til betre klinisk praksis. Rapporten inneheld også eit kapittel med nasjonale nøkkeltal for helseforskning. Rapporten er utarbeidd av ei nasjonal arbeidsgruppe under leiing av Helse Sør-Øst, og er forankra i RHF-a sitt AD-møte. Rapporten er sendt Helse- og omsorgsdepartementet innan 15. mars, og skal formelt overleverast til statsråd Høie 31. mars 2016.

Styret peika på at nyttekriteriet og forskning som er nær knytt til pasientbehandling bør prioriterast fram.

Styret viste til den låge forskingsaktiviteten på rusfeltet og ønska at det blei sett i gang prosessar i helseføretaka for å stimulere til forskning på forskingsvake område. Styret vil bli orienterte om dette i ei ny styresak.

Nestleiar i regionalt brukarutval, Grete Müller meinte at det bør forskast meir på kva som gjer at personar kjem seg ut av rus og held seg rusfrie, enn på årsakar til rusing.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok rapporten " Forskning og innovasjon til pasientens beste" til orientering.

Sak 052/16 Årsrapport for revisjonsutval og internrevisjon 2015

Oppsummering

Det heiter i instruks for revisjonsutvalet at «Revisjonsutvalet skal for styret i Helse Vest RHF leggje fram årleg rapport om sitt arbeid og internrevisjonens arbeid, til orientering».

Rapporten følgjer vedlagt og er som tidligare år samla i eit felles dokument.

Revisjonsutvalet behandla årsrapporten på møte 25.02.2016. Følgjande er protokollert frå møtet

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet vedtek årsrapport for revisjonsutvalet og internrevisjonen 2015 og ber om at den blir lagt fram for styret til orientering.»

Vedtak (samrøystes)

Styret tok årsrapporten for revisjonsutvalet og internrevisjonen 2015 til orientering.

Sak 053/16 Protokoll frå møte i revisjonsutvalet 22.12. 2015

Oppsummering

Revisjonsutvalet i Helse Vest RHF hadde møte 22. desember 2015.

Styret blir orientert om revisjonsutvalet sitt fortløpande arbeid gjennom protokollane. Denne protokollen vart godkjent av utvalet 25. februar 2016.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok protokollen frå møte i revisjonsutvalet 22.12.2015 til orientering.

Sak 055/15 Eventuelt

Styremøte 4. mai (TV)

Styremøtet 4. mai blir i Oslo i etterkant av føretaksmøtet. Reiseplan blir sendt ut til styret.

Nasjonale prosessar (TV)

Administrerende direktør orienterte om ulike nasjonale prosessar som pågår.

Vedtak i Stortinget om Nasjonal Helse og Sjukehusplan (TV)

Styret diskuterte vidare oppfølging i Helse Vest etter vedtaket i Stortinget om Nasjonal Helse- og Sjukehusplan.

Skriv og meldingar

- Brev frå Helse Vest RHF til HOD, dagsett 100316 - Rapportering pr. januar 2016
- Brev frå Rådmannen i Haugesund kommune til Helse Vest RHF, dagsett 240216 – Prosjekt Stord sjukehus og konsekvensar av Helse- og sjukehusplan

- Kopi av brev frå Selje kommune til HOD og Sjukehuset i Volda, dagsett 110216 – Uttale til Nasjonal Helse- og sjukehusplan.
- Brev frå Helse Vest RHF til Haugesund kommune, dagsett 140316 – Prosjekt Stord sjukehus og konsekvensar av Helse og sjukehusplan
- Brev frå Jens Tobias til Helse Vest RHF, dagsett 180316 – Nasjonal Helse- og sjukehusplan
- Møtereferat RBU 140116

- - -

Lukka del:

U.off. jf. Helseføretakslova § 26a andre ledd nr. 5

Sak 054/16 Val av revisor

Styret blei orientert om anbodskonkurransen prosessen val av revisor for dei 4 helseregionane.

Vedtak (samrøystes)

Styret tilrår at føretaksmøtet i Helse Vest å gjev BDO oppdraget som revisor for Helse Vest for dei neste 3 + 1 år.

Torunn Nilsen

05.04. 2016

Terje Vareberg	Styreleiar
----------------	------------

Lise Reinertsen	Nestleiar
-----------------	-----------

Ohene Aboagye	Medlem
---------------	--------

Gunnar Berge	Medlem
--------------	--------

Tone Berentsen Steinsvåg	Medlem
--------------------------	--------

Olin Johanne Henden	Medlem
---------------------	--------

Bente Sissel Pilskog	Medlem
----------------------	--------

Lise Karin Strømme	Medlem
--------------------	--------

Tom Guldhav	Medlem
-------------	--------